



Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8703 - 22/236

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2022

Løyve til endring av godkjend tiltak - gbnr 425/14 m. fl. Haugland

Administrativt vedtak: Saknr: 006/22
Tiltakshavar: Jørund Haugland og Kjell Båtnes
Ansvarleg søkjar: Hammar-Kameratane AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 13.09.218 vert godkjent.
Endringa gjeld høgdeplassing av tiltaket slik det går fram av teikningar rev. C datert 27.12.2021.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av 2 naust og felles kai , jf. vedtak datert 13.09.2018 i sak 17/2350. Endringa gjeld heving av naust og kai med 0,4 meter. Høgdeplassinga er endra for å unngå å få sjøvotn inn i nausta.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 12.10.2021 og supplerande dokumentasjon journalført mottatt 28.12.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Kommunen etterspurde følgjande dokumentasjon ved brev av 07.12.2021:

1. Oppdaterte teikningar.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 28.12.2021.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.12.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå den dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy 2011-23, delrevisjon 2019, er definert som byggeområde for naust på land og hamn i sjø.

Det er gitt dispensasjon frå arealføremålet hamn i sjø, byggegrensa mot sjø og føresegna pkt 3.1.3 til naustområde for oppføring av tiltaket i møte i Hovudutval for plan or plan, landbruk og teknisk i møte 13.06.2018, saknr. 046/2018.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Ansvarleg søkjar skriv at endringa ikkje råkar naboar. Det er i bakkant av nausta eit høgdedrag som gjer dei lite synlege og dempa. Kotehøgda på + 6,5 er omtrentleg som dei andre nausta i nærleiken.

Plassering

Endra høgdeplassering går fram av teikningar rev C datert 27.12.2021.

Det er søkt om topp golv på kote ca. + 1,5 og mønehøgde på kote ca. + 6,5. Det er søkt om kaihøgde på kote +1,4.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

VURDERING

Planstatus

Det vert vurdert at endringa er i samsvar med gitt dispensasjon.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Nabovarsel

Kommunen viser til ansvarleg søkjar si utgreiing og vurderer at nabovarsel kan unnlatast.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsloyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/8703

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

E-02 SNITT A-A OG B-B
E-03 SNITT C-C
E-04 FASADE SYD VEST OG NORD ØST
E-05 FASADE NORD-VEST OG SYD-ØST

Kopi til:

Jørund Haugland
Kjell Båtnes

Listveitvegen 15 5937
Listveitvegen 38 5937

BØVÅGEN
BØVÅGEN

Mottakarar:

Hammar-Kameratane AS

Hella 60 5936

MANGER